

Uskedal-innsats i Nuten Opp

07.08.2011

Også uskedelingane gjorde seg gjeldande i Nuten Opp. Det galdt ikkje minst Margun Eik, som tok andrelassen i klasse 40-49 år 3 minuttar etter Marit Arthun frå Matre. Trass i dårlig ver vart det sett to nye løyperekordar.

Oddmund Soldal kom opp som nummer 4 i klasse 40-49 og Bjørn Egil Haugland vart nummer 9 i same klasse.

Ikkje uventa gjekk Jonathan Craig Wyatt frå New Zealand til topps i klasse menn 23-39 år, vel eitt minutt foran Vidars Øystein Sylta. Den tilsvarande klassa for kvinner vann May Britt Buer frå Gular.

Margun er på veg til topps øverst, Haugland nederst.

(Foto: Rosendal Fjellstreif)